



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i Sinnes SMU og SU

DYKKAR REF.:

VÅR REF.:

SAKSHANDSAMAR:

ARKIVKODE:

DATO:

1259/2019 - 2012/450

Åse-Berit Fidjeland

A20

23.01.19

REFERAT FRÅ MØTE I SINNES SMU OG SU 15.01.19

SMU-møte:

Til stades: Thomas Nygård, Ingeborg Selma Kvæven, John Ove Sinnes, Stian Hiim, Tord Hegre, Marius Nygård Fidjeland, Wenche L. Kvæven (for Lena Bøgwald), Hilde Sinnes, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Lena Bøgwald

SMU- og SU-leiar innleia med å takka for godt program på juletreffesten og ein fin kveld. Elevane var godt førebudde, og foreldra synest det er positivt at skulen/lærarane legg ned så mykje arbeid til festen.

Sak 1/19: Godkjenning av referat

Det var ingen merknader til referatet.

Sak 2/19: Trivselsleiarar neste skuleår?

Rektor informerte kort om at ungdomsskuleelevane er trivselsleiarar (TL) fire dagar i veka i første friminutt dette skuleåret. Dei får reisa på kurs to gonger i året, og for å velja kva kurs ein skal melda seg på i vår, må ein bestemma korleis neste år blir. I tillegg til å læra og leia mange aktivitetar, vert dei premierte og får diplom (til våren), samt har eit kulturkort dei kan nytta ulike stader og få rabatterte prisar.

Saka har vore oppe i elevrådet, og der er både elevane i 1.-6. klasse og ungdomsskuleelevane nøgde med tilbodet. 8. og 9.-klasseelevane vil fortsetja som TL-elevar, men det skal òg nominerast to frå 7. klasse.

SMU synest det er god læring og fint at elevane vil fortsetja, og følgjer elevrådet si avgjerd.

Sak 3/19: Elevundersøkinga 2019 og planlegging av foreldremøte 29. januar

Sidan tema på foreldremøtet er Elevundersøkinga, som tar for seg fysiske og psykiske emne, vart saka flytta til SMU.

Rektor informerte kort om at snittet er delt i fem, der 1 er lågast og 5 høgast, og om prikkereglane. På grunn av små klassar dei siste åra, er det vanskeleg å samanlikna, for då slår prikkereglane inn. I tillegg er Elevundersøkinga obligatorisk for 7. og 10. klasse kvart år, medan det ikkje er elevar i desse klassane dette skuleåret. Utvalet diskuterte litt rundt resultatane, m.a. snittet på spørsmålet om eleven er blitt mobba digitalt. Svare her er prikk ut pga. elevtalet, men svare er fordelte på "Ikkje i det heile" og "Ein sjeldan gong", og då kan ein spørja om ein kan snakka om mobbing. NRK har hatt ei undersøking om bruk av mobiltelefon på skulane, og der har Sinnes fått med

sin variant av mobilhotell;[https://www.nrk.no/norge/nrks-reaktorundersokelse - fire-av-fem-skoler-har-mobilforbud-1.14291388](https://www.nrk.no/norge/nrks-reaktorundersokelse-fire-av-fem-skoler-har-mobilforbud-1.14291388). Elles ser ein at snittet for fysisk læringsmiljø ikkje er så veldig høgt, men det er betre enn førre året, og leiaren minna om at ei slik undersøking er subjektiv, dvs. oppfatning og oppleving varierer frå person til person.

Ein diskuterte korleis ein skal leggja fram Elevundersøkinga, og alle bør sjå på resultatata kvar for seg, ev. sendast ut på førehand, før ein går saman to og to/fire og fire, ev. etter tema, og avsluttar i plenum. Rektor bestemmer endeleg organisering ut frå desse føringane. Ho legg òg fram "ny" Plan for elevane sitt skulemiljø etter beste evne på møtet.

FAU ordnar kaffi og kake(r), og dette kan ein forsyna seg av undervegs.

Elevane som har vore med på Elevundersøkinga, får desse presentert før foreldremøtet. Noko som var eit ønske etter ekstern skulevurdering i fjor.

REFERAT FRÅ MØTE SINNES SU 15.01.19

SU-møte:

Til stades: Thomas Nygård, Ingeborg Selma Kvæven, Stian Hiim, Tord Hegre, Marius Nygård Fidjeland, Wenche L. Kvæven (for Lena Bøgwald), Hilde Sinnes, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Lena Bøgwald

Sak 1/19: Godkjenning av referat
Det var ingen merknader til referatet.

Sak 2/19: Høyring "Retningsliner for skuleturar i Sirdal kommune"
Sinnes SU hadde dette oppe i møte 28.11.18, men det har blitt ei høyringssak etter den tid. SU er samde om at ein synest retningslinene tar vare på skulane sine særpreg, og at skulane kan ha same mål. "Sinnes SU synest det er greitt at retningslinene er generelle, slik at ein kan endra reisemål og innhald om det vert naturleg i framtida."

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.